

# *PROBLEMATISK OMSKJERING – PROBLEMATISK FORBOD*

OM EIT HOVUDSTYREVEDTAK SOM IKKJE HELDT

**Human-Etisk Forbund** har inntekke eit prinsipielt standpunkt mot omskjerjing av gutebarn, og går inn for forbod. Standpunktet er lett å forsvara. Forbodet er det verre med.

«**A**t en tradisjon har vart i tusen år, er ikke nødvendigvis et argument for at den må vare i tusen år til.» Det seier Lillian Hjorth, hovudstyremedlem i Human-Etisk Forbund og leiar for Menneskerettsakademiet når ho skal grunngje forbundet si støtte til eit forbod mot omskjering av gutabarn.<sup>1</sup>

Og det er sjølvsagt eit haldbart argument. Det er heilt i orden å kritisera gamle tradisjonar og å meina at dei burde forkastast; og det gjeld definitivt også for omskjering av gutabarn. Slik kritikk må dei som praktiserer religiøst motivert omskjering finna seg i, om dei no skulle vera muslimar, jødar eller til dømes koptiske eller etiopisk-ortodokse kristne. Det er gode grunnar til å innta ei kritisk haldning til omskjering av gutabarn; det dreier seg om eit kroppsleg inngrep som ikkje er medisinsk motivert. Det som verre er, det førekjem komplikasjonar ved omskjering av gutabarn, både reint fysiske – som eit resultat av infeksjonar – og psykologiske. Ingen av delane er vanskeleg å finna døme på i forskningslitteraturen.

Det førekjem også dødsfall. Kor mange er vanskeleg å seia, sidan den utløysande årsaken – altså omskjeringa – ikkje alltid vert registrert. I USA, der omskjering som ikkje er direkte religiøst motivert er relativt utbreidd, syner eit overslag i rapporten «Lost boys: An estimate of U.S. Circumcision-related infant deaths»<sup>2</sup> at det kan vera snakk om ni dødsfall per 100.000 inngrep. Dette er eit tal motstandarar av tradisjonen gjerne vil trekka fram, og det av god grunn; sjølv om talet er lite røper det at inngrepet i ekstremtilfelle jamvel kan ta liv. Omskjering av gutabarn burde difor vera eit stort etisk dilemma, også for medlemmer av religiøse grupper som praktiserer dette rituelt.

På dette grunnlaget bør humanistar stø dei jødiske gruppene som i staden for omskjeringsseremonien *brit milah* praktiserer namneseremonien *brit shalom*. Humanistar bør også stø muslimar som vel å overlata avgjersla om omskjering til borna sjølv, når dei kjem i ein alder der dette er naturleg.

Så langt er det altså lite å utsetja på Human-Etisk Forbund si prinsipielle haldning. Men når HEF går inn for eit forbod vert det straks ein del vanskelegare. Vegen frå å kritisera religiøse tradisjonar ein ser betydelege etiske utfordringa ved til å villa forby dei same ved lov, er ein veg som bør vera ganske lang.

For hovudstyret i Human-Etisk Forbund ser vegen ut til å vera påfallande kort, ikkje minst sidan eit forbod mot omskjering av gutborn langt på veg vil vera eit *direkte* åtak på særleg to religiøse minoritetsgrupper i Noreg, den jødiske og den muslimske. Ein tek seg i å tenkja: kva anna vil Human-Etisk Forbund forby? Kva andre inngrep i den såkalla foreldreretten vil dei gjera for å verna born mot det HEF oppfattar som overgrep?

### Mange former for omskjering

For å kunna ta diskusjonen vidare er det verd å gjera nokre avgrensingar. Som med omskjering av kvinner finst det ulike former for omskjering av menn. Blant australske urfolk og enkelte andre stader i verda vert det praktisert ei form som inneber at urinrøret vert skåre opp på langs, såkalla *subinsisjon*. Dette er eit dramatisk inngrep som gjerne vert samanlikna med *infibulasjon* – den mest omfattande forma for omskjering av kvinner<sup>3</sup>. Inngrepet kan utvilsamt også omtalast som kjønnslemlesting, det har ingen medisinske føremoner<sup>4</sup> og har ein tilsikta effekt som både kan gje lågare fruktbarheit og vanskar ved urinering. Men denne typen inngrep, som vert knytt til overgangsrituale frå barndom til manndom, har aldri vore eit tema i Noreg. Når me snakkar om omskjering av gutar dreier det seg om fjerning av forhud.

Det finst også høgst ulike variantar av omskjering av kvinner. Dei to formene som har vore mest diskutert er to former som fører med seg omfattande inngrep, såkalla sunnaomskjering, som inneber fjerning av heile eller delar av klitoris, samt infibulasjon, som inneber fjerning av alle dei ytre kjønnsdelane. Mindre omfattande inngrep som fjerning av forhud åleine eller berre det å dra ut ein dråpe blod frå klitoris – såkalla *nicking* – finst også.<sup>5</sup> Desse siste inngrepa er i større grad samanliknbare med omskjering av gutar, noko som gjer at dilemmaet veks: når omskjering av jenter er forbode i Noreg og vert bekjempa internasjonalt, kvifor er det ikkje slik med omskjering av gutar? Enkelte vil peika på kulturelle årsaker, til dømes at omskjering av gutar er forbunde med sterkare og tildels sekulære tradisjonar i den vestlege verda. Ein vel så viktig årsak er nok at dei vanlegaste inngrepa er av ulik karakter.

Fleire av hovudstyremedlemene i Human-Etisk Forbund

ser ut til å lest at det ikkje er slik, og freistar seg med ein argumentasjon som er direkte hårreisande: dei samanliknar omskjering av gutabarn ikkje berre med tilsvarande av jenter, men faktisk med brenning og steining av menneske, altså med overlagte drap.<sup>6</sup> I tillegg trekkjer dei klåre parallellar mellom omskjering av gutar og jenter. Det er ei forkleining av lagnadane til dei kvinnene som – den dag i dag – vert utsett for den typen overgrep det er snakk om. Når me diskuterer omskjering av kvinner diskuterer me i hovudsak inngrep som har ein tilsikta effekt som i seg sjølv medfører særslvorlege konsekvensar, altså om noko som kan samanliknast med subinsisjon. Når me diskuterer omskjering av gutar snakkar me om eit inngrep som kan ha alvorlege utilsikta konsekvensar. Å likestilla dei to er i praksis å gjera kjønnslemlesting av kvinner mindre alvorleg enn det faktisk er.

At den vanlege forma for omskjering av gutabarn – den som vert praktisert av både jødar og muslimar – er eit mindre alvorleg inngrep gjer sjølv sagt ikkje at dei etiske spørsmåla forsvinn. Når HEF går inn for forbod har dei spasert inn i eit minefelt av eit menneskerettsspørsmål: her står religionsfridom og foreldrerett på den eine sida, og born sin rett til fysisk integritet på den andre. Nokre motstandarar meiner også at omskjering bryt med grunnleggjande menneskerettar, som retten til å ikkje verta utsett for tortur, men det er meir av ei retorisk overdriving.

### **Retten mot retten**

Dette er eit komplisert felt. I rådande menneskerettspraksis veg omsynet til religionsfridom sterkt, noko det også er gode historiske årsaker til; minoritetsgrupper har vorte utsette for relativt omfattande overgrep i det gode sitt namn. Det kviler også utvilsamt ein porsjon kulturell arroganse ved å ynskja å avgrensa religionsfridomen for å hindra det som trass alt er relativt uskuldige inngrep med få rapporterte komplikasjonar. Samstundes vil mange instinktivt meina at borna sine rettार veg tyngre enn foreldra sine. Dei tenkjer iallfall slik så snart det er snakk om eit fysisk inngrep. Dei psykiske inngrepa i born sine liv har dei ofte mindre vanskar med. Og er dette eigentleg ei naturleg grense?

Medan det er få religiøse praksisar i det moderne Noreg

som inneber fysiske inngrep, er det slett ikkje vanskeleg å tenkja seg religiøs praksis som kan ha dramatiske, psykologiske verknader på born. Tildels er dette også praksisar som har vorte skildra av folk i vårt eige land som etter å ha nådd vaksen alder har brote med det religiøse miljøet dei vaks opp i. Korleis er det med tungetale, eller – for å ta eit meir ekstremt døme – djevleutdrivning? Vil HEF forby foreldre som er aktive i karismatiske, kristne rørsler å ha med borna sine på religiøse møter? Vil dei forby – for den del – helveteslæra, ei lære ein ikkje skal lesa særleg mange bøker om religionspsykologi for å sjå moglege, dramatiske konsekvensar av? Eit anna aktuelt døme: Det å verta var at ein vert romantisk eller seksuelt tiltrukke til personar av same kjønn kan lett vera ei belastning for ungdomar som har vakse opp i konservative religiøse miljø, godt skildra i Arnfinn Nordbø si bok *Betre død enn homofil*? Statistikken for sjølv mord blant homofil og bifil ungdom er grell. Humanistar bør og må stri mot homofobe religiøse førestillingar. Men kan desse haldningane forbys? Bør homofobe foreldre verta straffa for å innprenta standpunkta og ideane hjå borna?

Nokon vil innvenda at den store skilnaden er at omskjering av guttebarn er eit irreversibelt inngrep; har det fyrst vorte gjort, kan det aldri gjerast om<sup>7</sup>. Men heile barndommen er irreversibel! Har ein vakse opp i eit konservativt religiøst miljø med djuptgåande homofobe haldningar, ja, så har ein det. Ein slepp ikkje unna. Andre vil innvenda at desse døma er såkalla *slippery slope*-argumentasjon; sjølv sagt vil ikkje HEF gå inn for forbud på alle desse områda. Men det er ikkje poenget. Poenget med å dra dei fram er å påpeika logisk inkonsistens. Dei etiske dilemmaene ved omskjering av gutteborn kan vanskeleg seiast å vera større enn andre område der foreldrerett, religionsfridom og born sine rettigheter kjem i konflikt med kvarandre. Då eg publiserte ei kortare utgåva av denne artikkelen på mine eigne nettsider var det – merkeleg nok – ei rekkje som argumenterte som om forhuden var meir verdt enn psyka, som om ein type irreversible inngrep var mykje verre enn andre.

Lat oss sjå på det frå andre kanten. Forstandar Ervin Kohn i det Mosaiske Trossamfund (det norske, jødiske trussamfunnet) har det følgjande å seia:

[Omskjering av guttebarn] er noe som er svært tett knyttet til det å være jøde, og er noe vi har drevet med i tusenvis av år. Det er helt utenkelig å slutte med det.<sup>8</sup>

Som me var inne på innleiingsvis er det sjølv sagt ikkje vidare haldbart å meina at noko ein har drive på med i tusenvis av år med naudsyn bør halda fram. Det er i det heile ein del tradisjonar me lukkelegvis *har* kvitta oss med på vegen. Men her er me likevel ved ei vesentleg kjerne når eit forbod mot omskjering av born under ein viss alder (der dei sjølv kan godta inngrepet) skal vurderast. I motsetnad til islam har jødedommen ei spesifikk oppskrift for når omskjering av guttebarn skal finna stad, eit påbod som er å finna att i 2. Mosebok 12,3: «Den åttande dagen skal forhuda til guten skjerast bort.»

### Råkar jødane

Dermed er HEF sitt framlegg om lovforbod i praksis eit framlegg som ikkje berre råkar omskjering, men eit framlegg som råkar den jødiske minoriteten i Noreg direkte. I staden for å føra ein humanistisk fundert kritikk mot omskjering, der ein har gode argument liggjande klare og allierte innanfor dei respektive kultursfærene – vel dei å gå inn for eit forbod. Kvar har det vorte av den konsekvensetiske analysa?

Den norske legeforening ser – til liks med Human-Etisk Forbund – grunnar til å forby omskjering av guttebarn. I motsetnad til HEF har dei likevel vurdert konsekvensetikken, og dei vil difor ikkje gå inn for eit forbod no. Dei argumenterer som følgjer:

Avgjørende ved vurderingen er at omskjæring av gutter er et sterkt påbud i jødisk og islamsk kultur og at et forbud vil bety at virksomheten går «under jorden» med potensielt alvorlige konsekvenser for guttene og deres familier.<sup>9</sup>

Det er den eine moglege konsekvensen. Eit forbod vil føra til ein oppblomstrande illegal marknad for omskjering av guttebarn. Lat oss gå attende til den alt nemnde rapporten «Lost boys». Den syner nemleg meir enn ei (svært lita) fåre for dødsfall. Den gjev døme på dødsfall som har hendt i Statane. Fleire

av dei skuldast komplikasjonar som lett kunne vore unngått, og der problemet til dømes har vore manglande oppfølging, feilmedisinering eller omskjerjing som slett ikkje har gått føre seg i ordna former. Eitt av dødsfalla som vert nemnd skuldast herpesmitte frå ein såkalla *mohel*, ein jødisk omskjerar. Dette taler for regulering av omskjerjing, og for at kvalifisert medisinsk personell er involvert – slik Helsedepartementet òg føreslår<sup>10</sup>. I motsetnad til eit forbod vil ei slik regulering neppe føra til ein konfrontasjon med jødiske eller muslimske grupper, og det vil vera enklare å overtyda dei som praktiserer rituell omskjerjing om å overhalda regelverket. Løysinga forbod vil i verste fall føra til fleire dødsfall som resultat av illegale omskjerjinga i det skjulte. Regulering vil ikkje gjera det.

Med andre ord: Argumentet om fåra ved omskjerjing er eit godt argument overfor foreldre som vurderer dette, og eit viktig argument i ein humanistisk fundert kritikk av tradisjonen. Det er eit elendig argument for forbod.

Men det finst også ein mogleg konsekvens på samfunnsnivå: eit forbod kan gjera Noreg til eit langt meir utriveleg land å leva i for blant andre norske jødar. Og då plasserer Human-Etisk Forbund seg – høgst uforvarande – i ein idétradisjon dei slett ikkje burde passera seg i. Dei som måtte tvila på at det finst innslag av antisemittisme i den amerikanske omskjeringsdebatten, som den norske låner argument frå, bør undersøkje teikneserien med det fengjande namnet *Foreskin Man*, der ein påfallande arisk superhelt kjempar mot ein mohel (med sidekicks utstyrt med halvautomatiske skytevåpen) som kunne ha vore henta ut av nazistavisa *Der Stürmer* og mot ein skikkeleg skitstøvel av ein jødisk far, Jethro.<sup>11</sup>

I beste fall – og det er nok også tilfelle, sidan det er langt mellom antisemittane i Human-Etisk Forbund – gjer dei som Ervin Kohn påpeiker:

De lar seg styre av dette rotnorske Tante Sofie-komplekset som sier at «hvis alle bare var som meg, så ville alt bli bra». Det er en grunnleggende manglende forståelse og toleranse for annerledeshet i vedtaket.<sup>12</sup>

No kjem ein ikkje unna at Tante Sofie hadde eitt og anna poeng,

til dømes at dei tre røvarane kunne ha godt av å vaska seg. Likevel er det humanetikarane gjer ved å gå inn for forbod det same som å setja seg opp på ein høg, kvit hest; plikketisk humanetikk utan kompromissvilje og utan forstand.

Om ein lever i eit fleirreligiøst samfunn og ynskjer ein viss samfunnsarmoni må ein i blant godta at andre driv på med ting ein slett ikkje liker, og at dei gjer ting i borna sin oppvekst som ein sjølv oppfattar som forkasteleg. Mykje av dette kan og bør kritiserast. Kritikken er viktig. Men ein verken kan eller bør forby alt ein ikkje kan fordra. Det bør ein berre gjera når det er snakk om verkeleg alvorlege overgrep eller om praksis som er stikk i strid med grunnleggjande verdiar i det norske samfunnet som heilskap. Mi vurdering er at eit forbod mot omskjering av guttebarn – trass alle dens problem og etiske dilemma – ikkje heldt.

## Noter

- 1 Gran, Even (2011). «– Barn har krav på å bli beskyttet mot overgrep». *Fritanke.no*, 24. oktober 2011. Online: [http://fritanke.no/index.php?page=vis\\_nyhet&NyhetID=8658](http://fritanke.no/index.php?page=vis_nyhet&NyhetID=8658)
- 2 Bollinger, D. (2010). «Lost Boys: An Estimate of U.S. Circumcision-Related Infant Deaths». *Thymos: Journal of Boyhood Studies*, 4(1), 78-90. DOI: 10.3149/thy.0401.78. Bollinger er for øvrig aktivist i rørsle mot omskjering.
- 3 De Laet, Debra (2009), «Framing Male Circumcision as a Human Rights Issue? Contributions to the Debate Over the Universality of Human Rights», *Journal of Human Rights*, vol. 8, nr. 4. 2009.
- 4 Dette i motsetnad til omskjering av guttebarn, som faktisk kan sjå ut til å redusera den allereie marginale færen for peniskreft, og som ifølgje WHO kan redusera sjansane for HIV-smitte, utan at dette gjer inngrep utan medisinsk indikasjon noko betre.
- 5 *Nicking* kan kanskje ha verdi som eit tiltak mot meir inngripande former for kvinneleg omskjering i ein del land, men det er likevel liten grunn til å meina at dette skulle vera eksplisitt tillatt i Noreg.
- 6 Gran, «Barn har krav på å bli beskyttet mot overgrep», *fritanke.no*.
- 7 Medisinen har strengt teke nådd langt på det området, og inngrepet kan ikkje lenger reknast som irreversibelt. Det ville likevel vera underleg å hevda at dette gjer det til mindre av eit etisk dilemma.
- 8 Gran, Even (2011). «Vi kan ikke leve med et forbud mot omskjæring». *Fritanke.no*, 14. september 2011. Online: [http://fritanke.no/index.php?page=vis\\_nyhet&NyhetID=8627](http://fritanke.no/index.php?page=vis_nyhet&NyhetID=8627)



- 9 Høyringsuttale frå Den norske legeforening, 26. september 2011.
- 10 Eit anna spørsmål som sjølvsgatt dukkar opp er spørsmålet om kor vidt eit slikt inn-  
grep bør vera betalt av det offentlege. Det er det få grunnar til at det burde.  
Omskjering av gutebarn er eit religiøst rituale, og bør handsamast som det.
- 11 Teiknaren Matthew Hess nektar sjølvsgatt for at serien er antisemittisk, «den er berre  
pro-menneskerettar», seier han i eit intervju. Til Hess sitt forsvar skal det seiast at  
motsvaret «Smegma Man Gets Circumcised» ikkje akkurat verkar gjennomtenkt, og  
at forsvaret for omskjering som vert lagt fram der er ufatteleg lettvind. Sjå Whittaker,  
Nicholas, «Foreskin Man: anti-circ or anti-Semitic». *Imperfectparent.com*, 7. juni 2011.
- 12 Gran, «Vi kan ikke leve med et forbud mot omskjæring», *fritanke.no*.